



SAKSHANDSAMAR
Elisabeth Nordling
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.
23/00134-6

DYKKAR REF.
2023/29066-1

VÅR DATO
22.02.2023

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR DATO

Stryn kyrkjelege fellesråd
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Olden gamle kyrkje - 86/169, Stryn kommune - Avgjerd av klage på fylkeskommunens vilkår i vedtak om dispensasjon for skiferlegging - kml § 8 første ledd - Digisak-ID 159313

Vestland fylkeskommune har oversendt klagen dykkar i brev datert 23. januar 2023. Klaga vart oversend i Digisak 19. desember 2022. De klagar på vilkåret frå fylkeskommunen om arkeologisk overvaking i vedtak om dispensasjon for skiferlegging på gangveg ved Olden gamle kyrkje, jf. kulturminnelova § 8 første ledd.

Klaga er sett fram innan klagefristen og blir teken til behandling.

Lovheimel og styresmakt

Olden gamle kyrkjestad, ID 85213, er automatisk freda i medhald av kulturminnelova § 4 første ledd. I samsvar med kulturminneloven § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode, med mindre det ligg føre løyve etter kulturminnelova § 8. Vestland fylkeskommune har mynde til å gi slikt løyve basert på tilrådingar frå NIKU. Dette følgjer av forskrift om fastsetting av myndighet osv. etter kulturminneloven §§ 3 (2) og 8.

Riksantikvaren har etter forskrifta § 2 (1) mynde til å fastsetje omfanget og kostnader i eige vedtak, basert på vedtaket og vilkåra fylkeskommunen.

Klaga blir teken til følgje og Riksantikvaren fattar nytt vedtak i saka.

Bakgrunn for saka

De søkte 15. november 2022 om å leggja skifer på gangvegen frå hovudinngangen og opp til kyrkja, ei strekning på omtrent 31 meter. Tiltaket inneber graving i ei breidd av 1,5 meter. Grøfta skal gravast i eksisterande gangveg, som i dag har singeldekke.

Vestland fylkeskommune innhenta ei fagleg tilråding frå NIKU, som argumenterte med at det ikkje kan sjåast vekk ifrå at det omsøkte tiltaket kan innehalde omrota menneskebein frå heile bruksperioden til kyrkjegarden, sjølv om det er gjort undersøkingar i området tidlegare. Dei viser til at det omsøkte tiltaket omfattar ei breiare grøft enn den som vart grave i 2010 (grøfta varierte frå 0,7-1 m breidde) då det vart etablert sprinkelanlegg til kyrkja. Denne undersøkinga påviste eit kulturlag frå mellomalder i nordre ende av kyrkjegarden, sør for inngangsporten og som låg på ei djupne på 35-40 cm. NIKU peikte på at utstrekninga til dette laget ikkje er avklart. Vidare peikte NIKU på at det i området vest for våpenhuset vart dokumentert to oppmuringar/store steinheller som kan ha tilknytning til ei av dei tidlegare kyrkjene som har stått på staden. Strukturane låg 0,4-0,3 meter under bakkenivå med 50 meters mellomrom.

I tråd med dei faglege tilrådingane, vart søknaden dykkar innvilga av Vestland fylkeskommune i vedtak 8. desember 2022. Det vart stilt vilkår om at NIKU skulle gjennomføra arkeologisk overvaking av gravearbeidet i samband med masseutskiftinga, fordi det ikkje kan sjåast bort frå at tiltaket vil komma i konflikt med automatisk freda strukturar.

På førespurnad frå fylkeskommunen, fatta Riksantikvaren vedtak om omfang og kostnadsramme i tråd med løyvet, jf. kulturminneloven § 10 – totalt inntil 190 000 kroner, jf. budsjett.

De kontakta Riksantikvaren i e-post 14. desember 2022, om omfanget og kostnadsramma for det arkeologiske arbeidet. I svar frå Riksantikvaren 19. desember 2022, fekk de tilbakemelding om at direktoratet hadde godkjent NIKU sitt forslag til budsjett og prosjektplan fordi det er viktig å sikra eventuelle spor etter avgrensing av mellomalderkyrkjegarden og eit eventuelt tidlegare kyrkjebygg på staden.

Riksantikvaren viste til at det som hovudregel er tiltakshavar som skal dekkja utgiftene til særskild granskning av automatisk freda kulturminne når det vert gjeve vilkår om dette i dispensasjonsvedtaket. Lova opnar likevel for at staten i særlege tilfelle kan dekkja utgiftene til arkeologisk arbeid heilt eller delvis. Direktoratet opplyste om at de, i ei eventuell klage i Digisak, kunne grunngi klaga med at de meinte det føreligg slike særlege grunnar i denne saka.

De klaga i Digisak 19. desember 2022. Grunngivinga for klaga var at budsjettet ikkje var vedlagt, berre summen. De har innhenta tilbod på gjennomføring av tiltaket på 115 000 kroner; ei kostnad som blir forskotert frå soknerådet. Dersom det skal betalast for arkeologisk overvaking i det omfanget som er vedteke, vil det ikkje vera mogleg å gjennomføra tiltaket, ifølgje grunngjevinga dykkar.

De fekk tilbakemelding frå Riksantikvaren i e-post datert 16. januar 2023. Direktoratet meinte at klaga ikkje gjaldt vedtaket om kostnader etter kulturminneloven § 10, men fylkeskommunens vilkår om arkeologisk overvaking. Riksantikvaren meinte derfor at klaga burde behandlast av fylkeskommunen.

De la inn ein kommentar i Digisak 18. januar 2023, der de viser til kommunikasjonen med Riksantikvaren og opplyser om at klaga burde gjelda vilkåret som var sett for løyvet og ikkje vedtaket om kostnadsdekning. Fylkeskommunen behandla dermed klaga som riktig instans. Vilkåret i vedtaket vart halde oppe, og saka vart oversend til Riksantikvaren for endeleg avgjerd 23. januar 2023.

Innhaldet i klaga

De meiner at omfanget av den arkeologiske overvakinga er for stort, fordi dette vil gjera at tiltaket blir nesten tre gonger dyrare enn det som er planlagt. Ein slik kostnad vil føra til at prosjektet ikkje kan gjennomførast.

De undrast over kvifor det er nødvendig å avsetja så store ressursar til dette tiltaket, der det skal gravast ned til 0,25 meter, når den halve breidda til heile strekninga har vore graven opp tidlegare. Dei funna som då vart gjorde, var frå 0,3 meter og djupare. I de laga som skal gravast opp no, er det ingen funn som alt er kartlagt. De etterlyser eit mindre omfattande tiltak med ein meir nøktern ressursbruk.

De viser til at anleggsgartnaren som skal utføra arbeidet har gjort liknande tiltak ved Rovde gamle kyrkje. Då hadde han ein avtale om å melda frå viss det skulle dukka opp noko som kunne vera arkeologisk materiale som måtte undersøkjast nærare. De ber om å få ein tilsvarende avtale. De erkjenner at dette kan føra til at det må gjerast nærare undersøkingar, men meiner at ei slik løysing kan bli mindre kostbar.

Vestland fylkeskommune si vurdering av klaga

Fylkeskommunen har forståing for at klagar tykkjer omfanget av den arkeologiske overvakinga er stor. Stryn kyrkjelege fellestråd justerte ned gravedjupna for tiltaket frå 0,4 til 0,25 meter i tråd med anbefalingane frå NIKU og fylkeskommunen i håp om å få innvilga søknaden. Søknaden vart innvilga, men så lenge det er usikkerheit knytt til utstrekning av kulturlag frå mellomalder, kan vi heller ikkje vite sikkert kor djupt det ligg. Grøfta som må gravast i samband med skiferlegginga er også breiare enn den som vart grave i 2010. Fylkeskommunen meiner at NIKU har grunngeve godt kvifor dei ynskjer overvaking av arbeidet og kvifor dei andre vilkåra knytt til dispensasjonen må bli ståande.

Omfanget av overvakinga er på tre dagar. Dei to resterande dagane går med til reise til/frå Stryn-Bergen og førebuingar. Fylkeskommunen meiner at kostnadsramma knytt til den arkeologiske overvakinga heng saman med omfanget som er bestemt, og at tre dagar i felt til overvaking er det ein må forvente å bruke dersom NIKU i samband med overvakinga skal ha tid til å dokumentere eventuelle funn.

Fylkeskommunen vel difor å avslå klagen om ressursbruk knytt til overvakinga og oversende han til Riksantikvaren for endeleg avgjerd.

Riksantikvaren si vurdering

Det finst ein del kunnskap om kulturminnet Olden gamle kyrkjegard gjennom fleire undersøkingar, seinast ifrå 2010, som mellom anna har påvist at det er kulturlag i varierende djupne innanfor kulturminnet og moglege rester etter tidlegare kyrkjer på staden. Kulturlaget som vart påvist i undersøkinga blir skildra som eit tynt lag med mykje trekol som vart dokumentert under den moderne matjorda og over undergrunnsmassane, og som låg om lag 0,35-0,4 meter under bakkeplan.

Riksantikvaren finn ikkje at det i tilrådinga frå NIKU, eller i prosjektplanen deira, er tilstrekkeleg gjort greie for potensialet for å treffe på arkeologiske funn frå mellomalderen innanfor det aktuelle tiltaksarealet. Etter vår vurdering har ein etter NIKU sin registrering innanfor kyrkjegarden i 2010 fått ein del kunnskap om utbreiinga til eit mellomaldersk kulturlag innanfor kyrkjegarden, i tillegg til funn av nokre steinheller som moglegvis kan vere ifrå ein eldre kyrkje. Registreringa i 2010 har etter kva vi forstår ikkje avdekka eit stort potensial for å treffe på korkje kulturlag eller steinkonstruksjonar innanfor det aktuelle tiltaksarealet. Tiltakets omfang med ein gravedjupne på berre 25 cm har etter vår vurdering eit lågt potensial for å kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar har endra planen sin for gjennomføring av tiltaket til den låge gravedjupna nettopp for å unngå konflikt med det kjente kulturlaget som er påvist på deler av kyrkjegarden. Riksantikvaren finn ikkje at det er grunnlag for å krevje ei full overvaking av gravearbeidet for legging av skiferheller, slik NIKU har lagt opp til og fylkeskommunen har stilt vilkår om. Riksantikvaren finn at det i denne saken er tilstrekkeleg at tiltakshavar, i samband med graving av grøft for legging av skiferheller, dokumenterer gravinga av grøfta med foto fortløpande. Dersom det under arbeidets gang kjem fram strukturar som *kan* vere automatisk freda, skal tiltakshavar straks stoppe arbeidet og melde ifrå til fylkeskommunen. Fylkeskommunen avgjer so snart som mogleg, og seinast innan tre veker, om arbeidet kan fortsette og på kva vilkår.

Konklusjon

Riksantikvaren har gjennomgått alle sider av saka og har etter ei samla vurdering komme til at det er grunnlag for å oppheva vilkåret frå fylkeskommunen om arkeologisk gransking. Det blir fatta nytt vedtak i saka.

Vedtak

Vilkåret om arkeologisk gransking blir oppheva, og det blir stilt vilkår om fotodokumentasjon ved utføringa av arbeidet. Dersom det dukkar opp noko som kan vera automatisk freda arkeologisk materiale under realiseringa av tiltaket, skal tiltakshavar straks stanse arbeidet og ta kontakt med fylkeskommunen.

Utover dette, blir fylkeskommunen sitt vedtak ståande.

Avgjerda inneber at Riksantikvaren sitt vedtak om utgifter til særskild gransking, datert 8. desember 2022 fell bort.

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltingslova § 28.

De kan krevja dekning av nødvendige kostnader

Klagen dykkar har ført fram. Dersom de har hatt vesentlege og nødvendige økonomiske kostnader til å fremja klaga, til dømes til advokat, skal kostnadane bli dekt heilt eller delvis av Riksantikvaren, forvaltningsloven § 36.

Nødvendige kostnader må dokumenterast med kopiar av fakturaer. Me understrekar at det òg må dokumenterast at kostnadene har vore vesentlege og nødvendige for å fremja klaga.

Beste helsing

Anne-Judith Munthe-Kaas
avdelingsdirektør
leder Juridisk seksjon

Elisabeth Nordling
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN